



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2309 - 19/26700

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.09.2019

Løyve til endra ansvarsrett - sjølvbygger - gbnr 59/12 Bergfjord

Administrativt vedtak: Saknr: 497/19
Tiltakshavar: Frank Rune Nesse
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om ending av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3/20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve, endra ansvarsrett. Tidlegare tiltakshavar og heimelshavar Frank Kjelsvik har i epost datert 21.01.19 opplyst at eigedomen er solgt til Frank Rune Nesse. Det vert vidare meldt om opphøyr av ansvar som sjølvbygger for funksjonane PRO arkitektur av eigen fritidsbustad. jf. vedtak datert 28.08.17.

Omsøkt endring gjeld søknad som sjølvbygger av Frank Rune Kjelsvik heimelshavar av gbnr. 59/12. Det er søkt om sjølvbygger for funksjonane PRO arkitektur samt funksjonen UTF for riving av eksisterande fritidsbustad, UTF betongarbeid og UTF tømmer.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.02.19 og etterlysing av svar motteke 29.08.19.

Vi seier oss leie for sein attendemelding, konsekvens for kommunen si fristoverskriding er gebyrreduksjon jf. byggesaksforskrifta § 7-6.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Ved handsaming om søknad og løyve til tiltak gjeve i vedtak datert 28.08.17 var ansvar knytt til SØK-funksjon, PRO riving samt ansvar knytt til UTF riving, betong- og tømmerarbeid tillagt Seim Bygg AS jf gjennomføringsplan versjon nr. 3 datert 10.01.17 og tilhøyrande erklæring om ansvar datert 10.01.17.

Vi gjer merksam på at ein ikkje kan stå som sjølvbygger for riving av bustad eller fritidsbustad. Søknad om ansvar for sjølvbygger riving vert ikkje godkjent jf. pbl § 23-8 2.ledd jf. byggesaksforskrifta § 6-8 gjeld for



oppføring (bygging) av fritidsbustad eller einebustad til eige bruk, riving av eksisterande fritids- eller einebustad er ikkje omfatta av SAK § 6-8.

Tidlegare heimelshavar og tiltakshavar Frank Kjelsvik har i epost datert 21.01.19 meldt om sal av eigedom gbnr. 59/12 og opphøyr av funksjon PRO arkitektur for eigen fritidsbustad.

Ny heimelshavar og tiltakshavar Frank Rune Nesse har i søknad datert 20.02.19 søkt om ansvar som sjølvbygger etter SAK § 6-8 for funksjonen PRO arkitektur av eigen fritidsbustad samt funksjonane UTF for riving av eksisterande fritidsbustad samt UTF for betong- og tømrararbeid knytt til eigen fritidsbustad.

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeid knytt til PRO arkitektur og UTF betong- og tømrararbeid vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 gjev kommunen delvis godkjenning på søknad om ansvarsrett som sjølvbygger for Frank Rune Nesse for funksjonen PRO arkitektur samt UTF for betong- og tømrararbeid i samband med oppføring av eigen fritidsbustad på eigedom gbnr. 59/12.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-8 2.ledd jf. forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 gjev kommunen avslag på søknad om ansvarsrett som sjølvbygger for Frank Rune Nesse for funksjonen UTF for riving av eksisterande fritidsbustad på eigedom gbnr. 59/12.

Vilkår gjeve i vedtak datert 28.08.17 gjeld for tiltaket.

Naudsynt ansvarsrett knytt til riving og oppdatert gjennomføringsplan skal ligge føre innan arbeid kan ta til.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frank Kjelsvik	Breivikstølen 23 B	5179	GODVIK
Frank Rune Nesse	Festevegen 273	5912	SEIM
Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------